

Rettleiar ved uro for

RADIKALISERING OG VALDELEG EKSTREMISME



ULSTEIN KOMMUNE



HAREID KOMMUNE





INNHALD

Kunnskap

- 4 Om rettleiaren
- 5 Forklaringar og sentrale omgrep

Førebygging

- 6 Korleis førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme
- 8 Mogleg teikn som kan gi grunn til uro
- 9 Vegar ut av radikalisering

Tiltaksdel

- 10 Kva gjer eg om eg er uroa?
- 12 Viktig kontaktinformasjon
- 12 Nyttige lenker

KUNNSKAP

Om rettleiaren

Når ein person er villig til å nytte vald for å nå sine politiske, ideologiske eller religiøse mål, kallast det valdeleg ekstremisme. Radikalisering kan vi sjå på som vegen dit, altså prosessen der ein person i aukande grad aksepterer vald som eit middel for å nå slike mål. Truselen som valdeleg ekstremisme og terrorhandlingar utgjør i Noreg i dag, er meir kompleks enn tidlegare. Vi må erkjenne at vi også i vårt lokalsamfunn kan møte på denne utfordringa.

Målet med denne rettleiaren er å auke kunnskapen om kva teikn vi må vere merksame på, og korleis vi møter og følger opp personar i Ulstein/Hareid dersom det oppstår uro knytt til radikaliserings og/eller valdeleg ekstremisme. Målet er å fange opp personar i risikosona så tidleg som mogleg og møte dei med tiltak som verkar. Rettleiaren er laga med særskild tanke på aktørar i førstelina, men kan også nyttast av sivilsamfunnet. Sjå under «viktige telefonnummer» for informasjon om kven du kan kontakte dersom du har behov for å drøfte ei bekymring. I arbeidet med denne rettleiaren har vi sett til regjeringa sin handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg eks-

tremisme, rettleiaren til Molde kommune 2016 og Aukra kommune 2021. Rettleiaren er tilpassa lokale tilhøve i form og innhald, og er utarbeidd av SLT-koordinatorar i tett samarbeid med lokale fagressursar og politi.

Hugs at du har plikt til å avverje lovbrøt.

Tieplikt og plikt til å avverje

Dersom du er offentleg tilsett, gjeld det same lovverket om samarbeid som i alle andre saker der fleire samarbeidspartar er involverte. Lovverk i involverte tenester må varetakast ved deling og lagring av informasjon. Reglar for sensitive personopplysningar kan vere relevant. Ein person sin politiske og/eller religiøse ståstad reknaast som sensitive personopplysningar, jf. Personopplysningslova § 2. Eit samarbeid bør bygge på anonymisering eller eit samtykke. Samtidig er det viktig å hugse på plikta til å avverje alvorlege lovbrøt som går føre lovgiving om tieplikt (Avvergelsesplikten, strl. §139).



Forklaringar og sentrale omgrep

Radikalisering

Radikalisering er ein prosess der ein person i aukande grad aksepterer bruk av vald for å nå sine politiske, ideologiske og/eller religiøse mål. Det er eit viktig skilje mellom radikalisering og det å vere radikal. Det er verkemiddelet, altså vilja til å nytte vald, som er sentral ved radikalisering.

Prosesen kan vere svært kompleks med mange faktorar som spelar inn, eller ein enklare prosess der nokre få faktorar vert avgjerande. Ulike kanalar på internett spelar som regel ein viktig rolle i ein radikaliseringsprosess, der ekstreme haldningar får utvikle seg over tid.

Valdeleg ekstremisme

Aktiviteten til personar og grupperingar som er villige til å bruke vald for å nå sine politiske, ideologiske eller religiøse mål.

Hatkriminalitet

Vert her forstått som straffbare handlingar som heilt eller delvis er motiverte av negative haldningar til ein person eller ei gruppe sine faktiske eller oppfatta etnisitet, religion/livssyn,

politiske tilhøyrse, seksuelle orientering, kjønnsuttrykk eller nedsette funksjonsevne. Kriminalitet som heilt eller delvis er motivert av fordømmar mot personar si faktiske eller oppfatta gruppetilhøyrse. Hatkriminalitet kan vere i form av ytringar på internett. Valdeleg ekstremisme er den mest ytterleggående forma for hatkriminalitet.

Utanforskap

Utanforskap kan her forståast som individuelle og strukturelle barrierar for deltaking på ulike arenaer. Det kan vere forskjellar i helse, utfordringar med rus, psykiske lidningar, låg deltaking i fritidsaktivitet, forskjellar i økonomi, ulike moglegheiter for å følge utdanningsløp og skaffe seg jobb, er eksempel på tilhøve som kan føre til utanforskap.


Framandkrigarar

Ein privatperson som av ideologiske eller idealistiske årsaker vel å kjempe i væpna konflikter utanfor sitt eige land, vert kalla ein framandkrigar. En framandkrigar må ikkje forvekslast med ein leigesoldat som inngår lønna kontrakt. Framandkrigarar kan vere personar som sluttar opp om førehandsdefinerte FN-registrerte terroristorganisasjonar, eller også personar som søker tilslutning i regulære militære system. Fellesnemnaren er den idealistiske motivasjonen.

FØREBYGGING

Korleis førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme

Kjernen i førebygging av radikaliserings og utvikling av valdeleg ekstremisme er i mange tilfelle det same som for førebygging av mellom anna skulefråfall, rusproblematikk og mange former for kriminalitet. Prinsippet om tidleg innsats gjeld spesielt her. Alle menneske har behov for å kjenne seg sett, inkludert og verdsett. Ei heilt sentral førebyggande oppgave er difor å hindre at individ og grupper kjenner seg ekskludert og marginalisert. Å sikre gode og stimulerande oppvekstkår for born og unge vil kunne bidra til redusere



risikoen for at nokon havnar i ein radikaliseringsprosess.

Førebygging krev heilskapleg tenking og innsats på tvers av samfunnssektorar. Det kan nyttast ei rekke metodar, tiltak og tenester innanfor ulike sektorar. Det er summen av dei førebyggjande tiltaka mot kriminalitet, hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme som gir resultat. Det finst ingen fasit i førebyggjande arbeid, heller ikkje i det førebyggjande arbeidet mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

Det er samansette faktorar som gjer at

ein person er i faresona for radikalisering, og det kan vere fleire moglege teikn som gjev grunn til uro. Det er behov for fenomenkunnskap, det vil seie informasjon om kva slags åtferd og kva haldningar som gjev grunn til uro for ei radikalisering som kan føre til hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme.

Under kjem ei oversikt over moglege teikn som kan gi grunn til uro for personar i faresona. Lista er ikkje utfyllande.



Moglege teikn som kan gi grunn til uro

Teikn som kan tyde på at ein person er på veg mot radikalisering. Det er viktig å vurdere teikna samla og ut i frå individet sin totalsituasjon. Raske eller plutslege endringar frå normalbildet er det viktigaste å legge merke til

Ytringar

- Intoleranse for andre sine synspunkt
- Fiendebilde – polarisert oss og dei
- Hatretorikk eller bruk av dehumaniserande uttrykk
- Legitimere vald
- Støtte truslar til terror og politisk/religiøs/ideologisk vald
- Konspirasjonsteoriar
- Sympati for absolutte løysingar som legitimerer vald eller diskriminering sett i system

Interesser/utsjånad/symbolikk

- Motiverer til å søke/søker etter ekstremistisk materiale på internett
- Større endring av utsjånad, klesdrakt etc. i løpet av kort tid
- Bruk av symbol knytt til ekstremistiske ideal og organisasjonar
- Endring av åtferd på skule, arbeidsplass eller andre sosiale arenaer
- Uttalt sympati og forståing for andre sine ekstreme handlingar

Aktivitetar

- Oppteken av ekstremisme på internett og sosiale medium
- Bruk av truslar og vald som følgje av ekstremisme
- Utøve hat-kriminalitet
- Reiseverksemd som kan føre til kontakt med radikale miljø og ekstremistar
- Deltaking på demonstrasjonar som fører til valdelege samanstytt med andre grupper

Vener og sosiale nettverk

- Endring av nettverk og omgangskrets
- Sosial tilbaketrekning og større internettaktivitet
- Omgang med grupper som driver med truslar, vald og/eller kriminell verksemd
- Omgang med personar og grupper som er kjent for ekstremisme
- Medlemskap i eller omgang med ekstremistiske grupper, nettverk og organisasjonar

Faktorar for vegar ut av radikalisering

- Unngå fordømming og sanksjonar – dialogbaserte tiltak verkar betre.
- Utforsk tvil og drøft alternative løysingar. Ambivalens kan skape motivasjon til forandring.
- Støtt opp om ønske om eit normalt liv (jobb, familie, vener).
- Tilbod om alternative fellesskap og nettverk er viktig.
- Hald jamleg kontakt for å støtte på vegen.

TILTAKSDEL

Kva gjer eg ved uro for radikalisering?

Kontakt politiet på telefon 112 dersom du har mistanke om at ein person står i umiddelbar fare for å reise ut som framandkrigar eller iverksette valdeleg ekstremisme. Det skal vere ein låg terskel for å varsle ved uro for at ein person er i ein radikaliseringsprosess, dess tidlegare inn i prosessen tiltak vert iverksett, dess enklare er det å snu utviklinga. Under følger forslag til handtering, både som privatperson og tilsett.

Trinn i handtering av uro som privatperson

Trinn	Handling	Ansvarleg
1 Kartlegg uroa	Ta bekymring på alvor. Tenk gjennom kva du er uroleg for. Dersom det kjennest trygt, gå i dialog med personen det gjeld. Ikkje korri-ger eller fordøm, men vis at du er nysgjerrig, og vis omsorg.	Du som privatperson
2 Rådfør deg	Framleis uroa? Rådfør deg med politi eller kommunen si ressursgruppe (sjå under viktig kontakt-informasjon).	Du som privatperson Kommunen sin ressursgruppe Politiet sine kriminalitetsfø-ryggarar
3 Uro om nært føreståande handling	Kontakt politiet direkte på telefon 112/02800 dersom det gjeld: Opplysningar, mistanke eller konkret kunnskap om nokon som planlegg valdeleg ekstremisme. Opplysningar om utreise frå framand-krigarar eller støtte til terrororganisasjonar.	Du som privatperson. Politiet sin operasjonssentral.
4 Naudsituasjon	Ved naudsituasjon, ring 112	Du som privatperson

Trinn i handtering av uro som tilsett

Trinn	Handling	Ansvarleg
1 Kartlegg situasjonen og søk kunnskap om temaet	Gå i dialog med personen. Still opne, nysgjerrige spørsmål, utan å vere fordømande.	Tilsette i einingane
2 Drøft/meld uro	Framleis bekymra? Kontakt kommunen sin SLT-koordinator for å drøfte sak i interkommunalt ressursteam. Ved behov drøftast saka vidare med politi.	Tilsette i einingane SLT-koordinator/res-sursteam Politiet
3 Førebyggjande samtale	I det tverretatlege samarbeidet drøftast det kven som er mest eigna til å ta ein samtale med den uromeldinga gjeld. Målet er å avklare alvorsgrad og finne ut korleis vi eventuelt kan hjelpe vedkomande på vegen ut. Kommunen sitt ressursteam lagar, saman med andre involverte partar, ein plan for vidare oppfølging. Her skal det vurderast om mentor bør koplast på for oppfølging av tiltaka i planen.	Kommune Politi Andre <i>Kommunen sitt ressursteam i samarbeid med:</i> Aktørar på tvers av einingar og forvaltningsnivå Føresette/verje Tillitspersonar

Viktig kontaktinformasjon

Ved naudsituasjon, ring 112.

Lokalt ressursteam, ved SLT-koordinatorar:

Hareid kommune: Monica Torvik Stokset

e-post: monica.torvik.stokset@hareid.kommune.no

Ulstein kommune: Vedrana Terzic

e-post: vedrana.terzic@ulstein.kommune.no

Politiet

Politiet: 02800

Politiet sitt tipsmottak: <https://tips.politiet.no/web/>

Kontakt politiet direkte på telefon dersom det gjeld:

- opplysningar, mistanke eller viten om planlegging av valdeleg ekstremisme.
- opplysningar om utreise av framandkrigarar eller støtte til terrororganisasjonar

Lokalt politi kan vidare drøfte saker med radikaliseringskontakt i politidistriktet.

Barnevernstenesta

700 58 700 | 700 58 800 (08.00-16.00)

Nyttige lenker

[Utveier.no](https://utveier.no)

– kunnskapsportal om prosessar inn og vegar ut av radikalisering og valdeleg ekstremisme

[Nasjonal veileder for forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme](#)

[Kriminalitetsforebygging.no](https://kriminalitetsforebygging.no)

[Samtaleverktøy](#)